# Fedje kommune
**Teknisk**


JEB_BYGG@outlook.com

| Referansar: | Sakshandsamar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Øyvind Tolleshaug | 24.03.2022 |
| Vår: 22/80 - 22/1474 | oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no | |

# Løyve til å bygga naust på gnr. 169, bnr. 144.

**Administrativt vedtak. Saknr: 011/22**

**Saksutgreiing:**
**Byggeplass :** Gnr. 169, bnr. 144, ved Mulevegen 113.

**Type arbeid :** Naust. Areal 41 $m^2$ ( BRA ) og 50 $m^2$ (BYA). Terasse/kai og båtopptrekk.

**Tiltakshavar :** Roy Arne Nilsen

**Ansvarleg søkjar :** Byggmester Borge AS

**Ansvarleg prosjekterande :** Byggmester Borge AS

**Ansvarleg utførande :** Byggmester Borge AS

**Om tiltaket :**
Søknaden gjeld rammeløyve og igangsettingsløyve for bygging av naust, terrasse og båtopptrekk. Når det gjeld terrasse/kai, gjeld søknaden den delen av terrasse/kai som har omriss i blå strek på plan motteke i kommunen 9. mars 2022.

**Kommuneplan / reguleringsplan :**
Tiltaket ligg i eit område som etter kommuneplanen er sett av til byggjeområde. Noko av tiltaket kjem i sjø. Føremålet i sjø i kommuneplanen er småbåthamn.

**Nabovarsel :**
Kvittering for nabovarsel er levert.

**Ansvar :**
Erklæring om ansvarsrett er levert. Erklæringa dekker alt prosjektering og utføring.

**Avkøyrsle og parkering :**
Etter § 27-4 i plan- og bygningslova skal lovleg avkøyrsle til byggetomta vera sikra før det vert gjeve løyve til å bygga.

Tiltaket ligg attmed fylkesveg. Samnøy Maskin AS fekk i sak 007/21 løyve til å bygga avkøyrsle på 169/144.Vestland fylkeskommune gav løyve i brev datert 20. april 2021 og 9. juli 2021.

**Byggjegrense langs veg**
Naustet kjem meir enn 15 meter frå fylkesvegen og det er ikkje naudsynt med dispensasjon frå byggegrensa i kommuneplanen. (Kommuneplanen har lågare byggegrense enn veglova)

**Utforming av tiltak og visuelle kvaliteter :**
I § 29-1 i plan- og bygningslova ( pbl ) står det følgjande :

Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det får en god arkitektonisk utforming i samsvar med sin funksjon etter reglene gitt i eller i medhold av denne lov

I § 29-2 i plan- og bygningslova ( pbl ) står det følgjande :

Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.

Med heimel i § 29-1 og § 29-2 i pbl, krev kommunen at eventuelle steinfyllingar vera bygd som natursteinsmur. Den visuelle kvaliteten skal vera på høgde med følgjande murar : kai på Stormark ( slutt fylkesveg ), ved kontorbygget til Bukser & Berging og ved garasje til 168/55. Den visuelle kvaliteten skal vera **minst** på høgde med mur ved fergekai.

Dersom det ikkje er muleg å bygga mur i samsvar med krava med stein frå byggeområdet, må stein tilførast utanfrå.

**Avstand nabogrense**
Naustet kjem 1 meter frå nabogrensa mot gnr. 169, bnr. 90.

Kommunen kan etter § 29-4, tredje ledd, punkt b, godkjenne plassering nærare eigedomsgrensa enn 4 m for garasje, uthus og andre mindre tiltak. Etter § 6-4 i byggeteknisk forskrift til pbl, kan ikkje naustet ha større bruksareal eller bebygd areal enn 50 $m^2$.

**Vedtak**
I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Byggmester Borge AS får rammeløyve og igangsettingsløyve til å bygga naust, terrasse/kai og båtopptrekk på gnr. 169, bnr. 144. Når det gjeld terrasse/kai, gjeld søknaden den delen av terrasse/kai som har omriss i blå strek på plan motteke i kommunen 9. mars 2022. Roy Arne Nilsen er tiltakshavar.

Byggmester Borge AS har levert erklæringar om ansvarsrett i samsvar med § 23-3 i plan- og bygningslova.

Alt arbeid vert godkjent som arbeid i tiltaksklasse 1. Lovheimel : § 9-3 i byggesaksforskrifta.

Naustet kjem 1,0 m frå eigedomsgrensa.. Fedje kommune gjev i samsvar med § 29-4, tredje ledd, punkt b i plan- og bygningslova, løyve til plassering av 1,0 m frå eigedomsgrensa.

Løyvet har følgjande vilkår :
Avkøyrsle og parkeringsplass skal vera opparbeidd før det vert gjeve ferdigattest på naustet. Lovheimel § 27-4 i pbl.

Uordna fylling i strandsona vert ikkje akseptert. Avslutning av fylling i strandsona skal vera bygd som natursteinmur med same estetisk kvalitet som dei som er nemnde i saksutgreiinga. Lovheimel er § 29-2 i plan- og bygningslova. Dersom det vert nytta steinfylling, må det klargjerast kven som er ansvarleg.

**** *** ** *

Tiltaket er registrert i matrikkelen, sjå forskrift til matrikkellova §10 og § 60. Etter § 10 i forskrifta skal registrert eigar gjerast kjent med dette.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**
JEB_BYGG@outlook.com
Roy Arne Nilsen KROHNEGÅRDEN 172 5146 Fyllingsdalen